

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 3.okt 2024 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (Sæ 21)
Opning:	Leif Steinar

Til stades: Leif Steinar Alfvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Jørgen Knudsen, Randi Agnetha Nysæter, Runar Isdahl (2.vara) og Njål Rune Sortland (3.vara)

Forfall: Knut Johannes Gram, Kirsti Angvik Frugård, Dag Sele og Dag Kjetil Lægreid (1. vara)

SAKLISTE

2024/59- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, med følgjande tillegg:
Sak 55/2024 utvidast til og å gjelde drøfting av tiltaket «Stallen» inn mot jul.
Orienteringssak om tilsetting av prost

2024/60- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

2024/57 - Høyringsuttale ifm tilsetjing kyrkjelydspedagog
2024/58 - Høyringsuttale ifm leigeprisar Stord Kyrkje

2024/54- 421 Kyrkjelydshus (Utsett frå førre møte)

Soknerådet får ei orientering frå arbeidsgruppa som arbeider med kyrkjelydshus om status i arbeidet og aktuelle planar framover. Arbeidsgruppa ber om mandat til å bruke inntil kr 30 000,- på utgreiing av eit mogleg konsept for vidare vurdering.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande og godkjenner bruk av inntil kr 30 000,- for utgreiing av eit mogleg konsept. Løyvinga finansierast med bruk av midlar i ubunde fond.
Samrøystes.

2024/55- 411 «Gjere jula synleg» (Utsett frå førre møte)

Soknerådet gjorde vedtak hausten 2023 om å forsøke å gjere jula meir synleg utanfor / rundt kyrkja. Kva vil soknerådet på dette området i år? Nokre som vil vere med på dette?

Vedtak:

Soknerådet ønsker å spørje dei som arbeider på kyrkjegarden om å få etablert eit fundament for juletre (før ein plantar løkar). Vidare ønsker ein å få opp eit tre med lys på som kan vere tent i adventstida. Vurdere eit lite arrangement ved tenninga?

I forhold til stallen er soknerådet positive til å ha Stallen, men det er ingen i soknerådet som ser mogleghet til å leia prosjektet åleine. Olaug kan kontakte Sigrid, Randi, Magne og Leif Steinar for ei vurdering av om det er gjennomførbart saman. Ønskje om å gjere dette saman med Nysæter sokn også.

2024/61- 012 Endringar i utvalsmedlemmer (Oppfølging av Sak 56/2024)

Som følgje av endringar i gudstenesteutvalet vert følgjande endringar foreslått:

Astrid Valvatne Granli og Randi Agnetha Nysæter oppnemnast som medlemmer i gudstenesteutvalet for hhv 1 år (med mogleghet for forlenging) og ut soknerådsperioden.

Randi Agnetha Nysæter går då ut av trusopplæringsutvalet for Stord sokn, og Sigrid Beate Tveit Eskeland oppnemnast som ny medlem der.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Vedtak:

Soknerådet godkjenner forslag til endringar i utvalsmedlemmer for Stord sokn som framlagd.

2024/62- 212 Frivillige - oppfølging frå fellessamling

Sokneråda i Stord og Nysæter hadde felles samling med stab 19.september med tema frivillig teneste i sokna. Sjå vedlagd notat med oppsummering. Soknerådet fortset drøftinga om korleis me vil jobbe med frivillig teneste framover, særskild kva me i soknerådet vil ta ansvar for og kva me ønskjer / forventar at tilsette eller Nysæter sokneråd gjer.

Moment frå samtalens:

- Soknerådet opplever at det er viktig at ein fortset å jobbe med dette tema, sjølv om ein ser at det tek tid og er eit omfattande område å jobbe med.
- Vi støtter framleis punkta som vart notert på slutten av temasamlinga i september.
- Ønskjeleg at ein får ein dialog med tilsette for å forstå kva rolle dei ser for seg inn mot frivillige, og kva behov ein konkret ser for frivillige framover. Skal frivillig-utvalet ta eit initiativ her på tvers av områda, eller vil ein begynne med dialog i dei einskilde utvala?
- Det er framdrift i arbeidet med betre oversikt over dei frivillige. Staben har hatt oppdatering av listene i Medarbeidaren, og Anders har fått tilgong der. Dialog starta om korleis ein vil bruke dette framover.
- Ønskjeleg å få til grupper med frivillige og ein frivillig leiar i gruppene, slik at ein får til eit samspel mellom tilsette og frivillige i leiinga av andre frivillige.
- Me opplever at det er krevjande å få frivillige til å ta roller som krev leiarskap eller eit utvida ansvar som inneber å rekruttere / involvere andre frivillige. Vi har ein god del slike frivillige, men hadde fått gjort meir om me utrusta fleire til å ta slikt ansvar. Dette gjeld t.d. Cuba-prosjektet, Stallen og Lys Vaken som diskuterast i dette møtet. Vi trur absolutt det er fleire som har evner til å ta slike roller, så vi må jobbe med korleis vi tryggjar fleire til å tørre det.

Det vart ikkje noko konkret vedtak i saka, men AU får oppgåva med å sette opp temaet på nytt soknerådsmøte og koordinere dialog med stab og Nysæter sokneråd.

2024/63- 362 Hjelpesending til Cuba

Soknerådet får ei orientering frå komiteen for hjelpesending til Cuba. Komiteen har sett behov for fleire frivillige til å vere med i arbeidet for å gjennomføre prosjektet. Det vert framleis jobba med rekruttering til dette, men i fall det ikkje kjem på plass trengs ei drøfting i soknerådet på om ein går vidare med prosjektet eller ikkje.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande. Sidan prosjektgruppa har fått med nokre fleire og innstiller på å gjennomføre prosjektet vart det ikkje vidare diskusjon i soknerådet.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
 - a. Sissel Våge er prestestudent med praksisplass hos oss (v/Jørgen) disse vekene
 - b. Stabssituasjonen er framleis utfordrande. Det er gjort nokre justeringar i at Fridleif tek noko meir konfirmantundervisning i haust.
 - c. Positive opplevelingar med hausttakkefest og 4-årsbok
 - d. Soul Children vert med på gudsteneste 20.oktober.
 - e. Korgudsteneste planlagd 27.oktober
 - f. Minnegudsteneste 3.nov (Allehelgensdag)
2. Orientering frå fellesrådet
3. Innspel frå utvala
 - a. Trusopplæring – drøfting rundt tiltaket Lys Vaken som ikkje det er tilsett-ressursar til å gjennomføre.
 - i. Soknerådet sonderer om det er frivillige til å ta ansvar for Lys Vaken, evt på eit seinare tidspunkt enn første helga i advent.
 - b. Kyrkjelydsleir

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- i. Det har vore låg påmelding til kyrkjelydsleiren i år. Frist satt til 6.oktober for påmelding, deretter vert det ei vurdering av om ein kan gjennomføre.
- 4. Evaluering av prostidag 12.september
 - a. Medlemmer som deltok vert oppmoda til å sende innspel til soknerådsleiaren.
- 5. Evaluering av fellessamling med Nysæter sokneråd og tilsette 19.september
 - a. Positivt å få teorien tilsendt på førehand og ikkje bruke tid i møtet på det
 - b. Kjekt med gruppeopplegg og spørsmåla opna for gode samtalar
 - c. Tidsramme: Nokre synes det vart ein lang dag med ettermiddag/kveld.
Vurdere moglegheit for laurdagssamling?
- 6. Ny møtedato for soknerådsmøtet planlagd 29.oktober?
 - a. AU tek ei vurdering på mogleg ny dato 12. eller 13.nov, men inntil vidare står 29.oktober.
- 7. Informasjon om tilsetting av ny prost:
 - a. Arild Steinsland har fått tilbod om jobben og takka ja.

Skriv, referat og meldingar

- 1. Referat Kyrkjestova Fredheim 22.aug
- 2. Referat diaconiutval 16.sept
- 3. Referat Kyrkjestova Fredheim 16.sept
- 4. Økonomirapport per 31.juli
- 5. Invitasjon til avskjedsfest for Svein Arne Theodorsen
(inkl. oppgave med kaker e.l. til festen)
Sigrid og Randi stiller med kake til festen.

Anders Dahl
soknerådsleiar og referent